

Kjære Willow!

Eg gler meg til du skal starte på skulen saman med meg! Det er ein del du treng vite om skulen vår, når du kjem frå USA. Skulen startar klokka 09.55 og er slutt klokka 14.25, du treng busskort om du bur 4 km eller lenger unna, dette får du frå skulen, gratis, om du treng. Elles må du gå eller sykle, om du ikkje har nokon som kan køyre deg. Vi har prøver innan for dei teoretiske faga, og nokon gonger innan dei munnlege faga, og dette får du stort sett karakter på. Karakter-systemet vårt er i tal, ikkje bokstavar, der 1 er det lågaste og 6 er det høgste du kan få. Vi har engelsk og norsk som obligatoriske språk-fag, men du kan også velje om du vil ha enten tysk eller spansk eller om du ikkje vil ha meir språk kan du ta «arbeidslivsfag». I tillegg har vi noko som blir kalla «tilvalsfag» som har mange forskjellige ting å velje mellom, f.eks. har du natur, miljø og friluftsliv, fysisk aktivitet og helse og sal og scene å velje mellom. Elles har vi matte, RLE, samfunnsfag (som også inneheld geografi og historie), naturfag, gym, musikk osv.

Vi har tre årstrinn som er delt inn i seks klassar, vi har 8a, 8b, 9a, 9b, 10a, 10b. Alle klassane har kvart sitt klasserom, og kvart årstrinn delar på eit grupperom der det står datamaskiner. Vi har også ei ordning som seier at om vi held klasserommet ryddig får vi 100 kr i veka, om vi ikkje har det ryddig får vi ikkje pengar. Desse pengane kan bli brukt til det klassa ønskjer, for eksempel eit toast gjern eller ein fin avslutting i tiande klasse. Også, når vi går i tiande klasse skal vi på ein klassetur, det har vor praktisert å reise til Polen, i buss, for å besøkje Auswisch og Birkenau, vi bur da nokon dagar i Krakow, dette brukar vi store delar av niande klasse for å tene oss opp til.

Vi har mange forskjellige rom på skulen, vi har sløydsal, kunst og handverksal, auditorium, naturfags lab, datarom, gymsal, garderobar osv.

Vi har også ei kantine der dei serverer mat, men her må du betale for den. Men vi får gratis frukt kvar dag, og vi kan bestille oss mjølk så vi får det heile året eller berre halve året.

Skulen har strenge reglar mot mobbing, men vi har ingen spesielle reglar for kva vi kan og ikkje kan ha på oss på skulen, men vi kan ikkje ha noko som verker støytande mot andre, så vi kan for eksempel ikkje kome på skulen iført bikini eller berre undertøy eller naken sjølvsagt. Vi kan heller ikkje ha på oss noko som har stygge ting skrivi på seg, som ei T-skjorte der det står «Marit er stygg», men bortsett frå det er det ikkje noko spesielt.

Skulen vår har eit bra miljø, med lite mobbing. Eg trur ikkje nokon av dei nye nokon gong har blitt mobba, dei blir tatt i mot med opne armar! Eg sjølv føler meg veldig trygg på skulen.

Lærarane kan jo sjølvsagt variere, men eg har ikkje hatt ein dårleg opplevelse med nokon av lærarane. Alle er veldig greie her, dei eldste plagar ikkje dei yngste eller nokon for den saks skyld.

Vi har også Juleball kvart år, med underhalding og mat, jentene går oftast med kjole medan gutane går oftast i dress. Vi dansar der, og vi kosar oss mykje saman.

Eg trur og håpar du kjem til å trivast her!

Eg gler meg kjempe mykje.

Hjarteleg helsing frå Christin!

# Skuledag

w601jn

- 5 min mellom kvar time ✓
- Kvantine ✓
- Midttune ✓
- Annmerking/raudepass ✓
- Regler ✓
- Klukkeslett ✓
- Uniformar ✓
- Transport ✓
- Karakter ✓

Juleball

## \* Skule

- skulemat ✓
- niste ✓
- ferie ✓
- Skap ✓
- Klasserom ✓
- Rom

## Sommer ✓

- haust ✓
- paske ✓
- jul ✓
- vinter ✓
- 17. mai ✓
- Helg ✓
- Løser ✓
- Skrive på sjølo ✓